

# Studentar på segle-helg

*I helga var det mange segl å sjå ute på fjorden. 18 studentar var på Tynes for å segla. Dei var heldige med vær og vind og fekk oppleve Bjørnefjorden frå si beste side.*

- Kom ein tur til Tynes og lær å segla oseelvar, foreslo Kjell Magnus Økland ein gong i januar til sine studiekameratar i BSI Seilforbund. Forslaget falt i god fjord og segle-entusiastane kryssa av ei helg midtvegs i april for arrangementet.

- Noen halvparten av medlemmane ville vera med. Det er bra oppsluttad, meiner formann i BSI/Seiling Kjartan Romann. Han er frå Arendal og har segla sidan han var åtte år. Likeins med dei andre segl, som fram til å segla på Bjørnefjorden og prøva den karakteristiske oseelvaren.

## Segleglade studentar

BSI/Seiling er klubben for dei segleinteresserte ved Universitet i Bergen. Den vart starta hausten 1997 og har so langt 40 medlemmar. Dei disponerer ein seglebåt og planlegg å kjøpa ein til. Kvar semester plar dei dra til ein nærliggjande område for å utøva sin favoritt hobby. Det er ein fin variasjon frå Byfjorden i Bergen. Tidlegare har dei vore på Setra og Austevål. I helga var altså turen komen til Tynes.

## Frisk avveksling

Frødag ettermiddag kom dei til Våge med lunsj og seowagon. Etter ei hard veko med studier og føreløsingar skulle dei verta e kjernekomen avveksling å sitja i trekk med seglduk over hovudet

og saltvatn i håret.

Både jenter og gutar var med på utflykta. Nokre av medlemmene er erfarne seglarar, mens andre mykje har byrja med aktiviteten. Samhaldet blant dei friluftsglade studentane virka samansveist og positivt.

## Budde i Båtlagsnaustet

Båtlagsnaustet i Våge var ein naturleg og godt eigna stad å husa dei segle-entusiastiske studentane. Her fins og fasilitetar som kjøkken, toilet, langbord, og øvslvngt ei handfull seglebåtar.

- Fredag rigga me til oseelvarane med mast og segl, kan Kjartan fortelja.

## Sol og godvær

Laurdagren kom med sol og godvær. Det var godt nok. Men det var lite med vind, kunne studentane noko ettefulla konstatera.

Heldigvis bles det meir utover ettermiddagen, for dette var dagen då Kjell Magnus skulle visa dei korleis ein seglar oseelvar. - Instrueringa gjekk veldig bra, kan Kjell Magnus fortelja.

So fekk studentane øyja prøva dei fire oseelvarane båt-lagsnaustet disponerer. Dette var ei ny og spennande oppleving for samtlige av dei framstøtte.

## Regatta ved Ratandsjupet

- Oseelvar er ein artig båt, fortel



Seglehelga på Tynes var populær blant Bergen-studentane.

Alf Pettersen med eit smil. - Den er utfordrande og krevjande å meistra, supplere ein annan av dei seilfrie studentane. - Ein må passa på kva ein ger.

Ute ved Ratandsjupet vart det høve til ein aldri så liten regatta. Studentane vart delte inn i fire lag i kvar sine oseelvarar. No fekk dei visa kva dei hadde lært. - Det var morsamt, tykkjer studentane, - men gjøkkle noko seint grunna lite røyndale.

## Laurdagskvelden

Laurdagskveld var det stelt i stand langbord nede i Båtlagsnaustet. På bordet kom ein godt tilstelt og velsmakande middag. Det var fortenst etter energikrevjande timar på fjorden.

Seinare på kvelden tok Bernhard Auran turen innom med gitar og sto for musikalsk atspereing.

## Optimist-jolle

Sendagen vart det høve til å segla jolle. Eit lite kappell vart arrangert. Av Folketand var nøgd med at han fekk teke

revansje i optimist etter nederlaget i oseelvar om laurdagen.

Ein del av studentane hadde prøvd optimist før, men for dei som ikkje hadde det vart det dukka for mange morsomme opptrinn. Optimitistjolle er som kjest ein bit som kan vera ustabil og krevjande å ha kontroll over.

Latteren satt laust då ein av studentane falt hovudlengs ut på fekk smaka på det kjøtlege Bjørnefjordvatnet. - Slikt høyrer med, smilte studentane.

## Blåskjell

Ikke berre seiling vart det fatta interesse for - men og dei maritimte godbitar som or å finna i fjøra.

Steinar Kållås går på marinebiologi ved Universitetet i Bergen. Han er fascinert over dei kulinariske godbitar havet har. Under trebrygga - til Blålagrasnaustet vart det blåskjell som fanga interessa hans.

- Dette skal smaka nydelig etter ei gjennomkoking, sa han og forsvann opp på kjøkkenset med ei brette full av blåskjell. Han skulle stella i stand mari-

tim delikatesser til dei andre.

## Vellukka opphald

Opphaldet på Tynes kom til ein ende og dei segleglade studentane måtte omsider pakka tursekk og seowagon. Forhåpentligvis har dei fått dei fitt ekstra mengder energi til nye tak ved universitetet i disse eksamenstidlar.

Alle kunne fortelja at dei var nøgde med både anledinga til å segla oseelvar, opphaldet og den flotte naturen på Tynes. - Det var reins nasjonalromantisk tute på fjorden med smokkede fleitoppar i bakgrunnen, meddelte Kristine Velle Hårvik høytlyt.

- Sjansen til å få prøva oseelvar, trapes-jolle og optimist-jolle var vellukka, sa Alf Pettersen. - Dette er bitar som eignar seg godt å segla, både for dei erfarne og dei mindre røyndale.

- Dette er den beste utflykta BSI/Seiling har hatt, meinte Steinar Kållås. - Eg vil gjerne ha ein tur attende til Tynes når eit nytt semester byrjar til hausten.

Av Nils Vermund Gjerstad